

Erik Kvinge
Austfjordvegen 1336
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/657 - 23/6280

Sakshandsamar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no


Dato:
30.06.2023

Krav til stans i pågående arbeid - restaurering av naust på gbnr. 31/ 1 og 2

Me viser til sak 21/373 vedr. tildeling av kulturvernmidlar for restaurering av naust på gbnr. 31/1 og 2 på Kvingo, telefonsamtalar 28. og 29. juni -23 og møte på vårt kontor 30.06.23 kring dette arbeidet.

Masfjorden kommune valde å gjennomføra ein kort synfaring 28.06.23. Ein registrera at det framfor naustet er gjort ein del fyllingsarbeid og sett opp ein mindre mur mot nordaust, samt at det er masseutskifta inne i naustet og litt bak naustet.

Naustet ligg i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 avsett til «Bevaring av kulturmiljø»



I føresegnene framgår det:

5.4.9 Bandleggingssone

Sona viser som bandlagt område: Område verna etter naturmangfaldlova. Innanfor sona gjeld egne forskrifter. Tiltak som er i strid med verneføremålet og omsynet til naturmiljøet er ikkje tillete. Automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova Mellomalderkyrkjegarden på Sandnes er eit automatisk freda kulturminne. Innafor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje nyttast til gravlegging eller andre inngrep. Alle tiltak innanfor omsynssone C-H570 skal sendast til kulturminnevernet for vurdering og fråsegn

Som siste setning ovanfor seier skal alle tiltak sendast til kulturvernminnevernet for vurdering og fråsegn. Slik me vurderer det kan sjølve restaureringa av naustet og evt. masseutskifting i golvet innan for veggane til det opprinnelege naustet gjerast utan byggjesøknad, under føresetnad om at det vert sett oppatt som ein tilnærma kopi av det gamle naustet (takvinkel, plassering av tak på toppen av naturseinsmurane, utforming av dørar og portar osv.), slik det er dokumentert i kulturminneplanen. Alle tiltak utanom dette, t.d. fylling, muring og andre tiltak må nabovarslast og byggjesøkjast og vurderast av kulturminnevernet før det evt. vert gjeve byggjeløyve.

Inntil søknad om tiltak utanfor det gamle naustet evt. vert godkjent pålegg Masfjorden kommune stans i arbeida utanfor naustet.

Restaureringa av sjølv naustet kan forsetja under føresetnad nevnt over.

Kommunen rår vidare til at tiltakshavar sikrar seg at dei privatrettslege tilhøva for arealet er avklara. Utover det har tek ikkje kommune stilling til desse ved handsaming av søknadar om tiltak.

Ein rår tiltakshavar å teikna opp korleis ein ynsker å utforma arealet utanfor naustet, gjerne med fleire alternativ. Det bør og følgja med ei skildring av korleis området vil framstå når det er ferdig bygd. Bruk av bilete og evt. fotomontasje av heile naustmiljøet, kan vera til støtte i handsaminga av søknaden. Slik vi forstår tenkjer ein at naustet kan inngå som ein del av næringsgrunnlaget på garden og det er opplysningar som og kan støtta søknaden.

Me forstår at de vil bruka litt tid å tenkja på den vidare prosessen. Om ein vel og gå vidare vil kommunen senda oversikt over dei naboane som skal varslast. Ein søknad må utformast av føretak med søkjar-kompetanse.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt saksbehandlar Jan Kvingedal.

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Erik Kvinge

Austfjordvegen 5981
1336

Masfjordnes

Helge Eivind Kvinge

Sundvegen 1713 5378

Klokkarvik